

## § 1. Formål

Forskrifta skal sikre at kommunen får dekkja sine kostnader for sakshandsaming, kontroll og tilsyn etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13, 15 og 15A.

## § 2. Definisjonar

Gebyrpliktig: Den ansvarlege, jf. definisjonen i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav j, er gebyrpliktig for sakshandsamingsgebyr og kontrollgebyr.

## § 3. Verknadsområde

Denne forskrifta gjeld i x kommune.

Forskrifta regulerer kommunen sine gebyr for:

1. Sakshandsaming ved opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid, jamfør forureiningsforskrifta § 2-8
2. Handsaming av søknad om etablering av nye utslepp, eller vesentleg auke av eksisterande utslepp, etter forureiningsforskrifta §§ 12-4, 13-4 og 15-4
3. Endring av føresegn og tilbakekalling av eksisterande løyve etter forureiningsforskrifta §§ 12-14, 13-17 og 15-8, jf. forureiningslova § 18
4. Sakshandsaming etter lokal forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg (bustadhus, hytter og liknande), Sogndal kommune, Vestland
5. Handsaming av søknad om løyve til påslepp etter forureiningsforskrifta § 15A-4
6. Kontrolltiltak for å sikre at krava i forureiningsforskrifta kapittel 2 og 12 til 15A eller vedtak i medhald av desse kapitla vert følgt.



## § 4. Sakshandsamingsgebyr

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved søknad om godkjenning av tiltaksplan ved opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, etter § 2-6 i forureiningsforskrifta.

Søkar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen sin sakshandsaming av søknad om løyve til å etablere eit nytt utslepp, eller påslepp etter kapittel 12, 13 og 15. Det same gjeld vesentleg auke av eksisterande utslepp eller påslepp, eller endra føresegn i eit løyve. Den ansvarlege skal vidare betale eingongsgebyr for kommunens vedtak om krav til påslepp etter § 15A-4.

Kommunen kan sette ulike gebyrsatsar for sakshandsaming. I saker som fører til vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei ordinære satsane kan kommunen rekne ut gebyret særskilt.

Sakshandsamingsgebyr vert og gjeve fullt ut ved avslag på søknad eller tiltaksplan.

#### § 5.Kontrollgebyr (tilsynsgebyr)

Eigar av avlaupsanlegg med utslepp som er søknadspliktig etter forureiningsforskrifta kapittel 12, 13 og 15 skal betale gebyr for kommunen sine kontrolltiltak.

Det same gjeld for eigar av bygning med utslepp som på etableringstidspunktet vart fritaken frå søknadsplikt etter forureiningsforskrifta § 12-16 eller § 13-18.

Kommunen kan fastsetje eingongsgebyr ved kontroll etter forureiningsforskrifta §§ 2-11 og 15A-4.

Gebyr skal betalast for kvart enkelt utslepp/påsepp. Eigar av avlaupsanlegg med utslepp av gråvatn i tillegg til eget utslepp frå toalett betaler kunn eit gebyr.

Der fleire bygningar har påsepp til felles privat avlaupsanlegg er det eigar av den eigedom som anlegget fyrst vart anlagt for som er ansvarleg for å betale gebyret, med mindre vedkommande dokumenterer at det er avtalt ei anna løysing.

Kommunen kan gje mellombels fritak frå kontrollgebyr for avlaupsanlegg omfatta av kapittel 12 etter at eigar av avlaupsanlegget har dokumentert skriftleg til kommunen at vasstilførsla er kopla frå og plombert, samt at arbeidet er utført av autorisert røyrleggjar. Mellombels fritak frå gebyr vert gjeve for eit år av gongen.

#### § 6.Gebyrsatsar og innkrevjing

Kommunen fastset gebyrsatsane årleg. Sakshandsamingsgebyr blir betalt etter at søknaden er ferdig handsama.

Storleik på gebyr etter § 4 og § 5 vert sett slik at dei samla ikkje overstig kostnadane kommunen har igjennom sakshandsaming, kontroll og tilsyn, jamfør forureiningslova § 52a.

Gebyr som beskrive i denne forskrifta er tvangsgrunnlag for utlegg med heimel forureiningslova § 52a, jamfør tvangsfullbyrdelseslova kapittel 7.

Kommunen kan i særlege tilfelle fråfalle krav om gebyr.

#### § 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft etter kunngjering i Norsk Lovtidend.

#### § 8. Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forskrift om sakshandsaming- og kontrollgebyr etter forureiningsforskrifta, Sogndal kommune kan klagast på skriftleg, jamfør forvaltningslova § 28.